

Referat

Møte 10-2015 i kommunalsjefgruppa for helse og omsorg, onsdag 9.desember

Tid:	9.desember 2016
Stad:	Rådhuset Lindås kommune
Til stades:	Johan Sandal, Grethe Herøy, Helga Ellingsen, Helge Kvam, Ingebjørg Søreide, Oddvin Neset, Olav Mongstad, Leni Dale og Anne Hildegunn Færøy (fram til kl 12.00)
Ikkje møtt:	Mette Fauskanger og Solrun Hauglum(Vaksdal)
Møteleiar:	Johan Sandal
Referat:	Anne Hildegunn Færøy/Johan Sandal

Nr.	Sak	Ansv./tid
59/15	Innkalling, saksliste og referat fra møte 9-2015 - godkjent utan merknader	Alle
60/15	<p>IKT</p> <ul style="list-style-type: none"> • Status 2015 • Fokus/satsing i 2016 helse og omsorg <p>Referat: Saka ikkje drøfta i dette møte. Vert sett opp på eit seinare møte</p>	
61/15	<p>Handlingsplan 2015</p> <p>Anne Hildegunn la fram status for dei ulike tiltakspunkta i Handlingsplan for 2015. Fleire av satsingsområda i planen er knytt til arbeidet med Helsehuset og samarbeid med Helse Bergen og Haraldsplass. Prioritering og framdrift må sjåast i samanheng med dette.</p> <p>Planen blir oppdatert med status for 2015, og forslag til vidareføring/prioritering for 2016 vert lagt til. Kvar av tiltaka vert merka med fargegode - raud, gul og grøn for å markera staus for desse.</p> <p>Konklusjon: Anne Hildegunn oppdaterer handlingsplanen med stauts og prioritering av tiltak for 2016. Denne blir lagt fram for godkjenning i neste møte og eventuelt sendt til RU for handsaming etter dette.</p>	
62/15	<p>Handlingsplan 2016 - SU</p> <p>Anne Hildegunn presenterte forslag til Handlingsplan 2016 for samarbeid mellom kommunar og helseføretak. Handlingsplanen skal handsamast i alle fire Overordna samarbeidsutval i desember.</p> <p>Drofting: Korleis samordna tiltak i denne Handlingsplanen med den interkommunale planen? Gruppa vil sjå nærmare på det når handlingsplanen er vedtatt i samarbeidsutvala. Gruppa saknar fokus på; - førebyggjande helsearbeid</p>	

	<ul style="list-style-type: none"> - konkrete tiltak når det gjeld kompetanseoverføring retta mot enkelt pasientar med særleg behov for oppfølging etter opphold i sjukehus. <p>Konklusjon: Johan Sandal melder tilbake til SU gruppa sine innspel til Handlingsplan.</p>	
63/15	<p>PLO Rus og psykiatri</p> <p>Saka gjeld implementering og bruk av elektroniske meldingar(PLO-meldingar) innan psykisk helse og rus. Dette er ei sak som er sendt til handsaming i alle fire samarbeidsutval. Johan viste til samling i Bergen i regi av Vestlandsløftet der dette var tema. Det er utarbeidd forslag til retningsliner for bruken av desse meldingane. Grunna usemje om punkt i retn.linene er oppstart utsett til januar.</p>	
64/15	<p>Flyktningarbeid i kommunane.</p> <p>Status i kommunane pr 09.12.2015</p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Modalen</u> tar inn 12 flyktningar i 2015. Dei samarbeider med Masfjorden kring oppfølging av desse. • <u>Meland</u> tar imot 30 flyktningar i året. Midlar som følgjer busetting av flyktningar blir sett på eige fond som gir rom for å lønna stillingar/funksjonar som er knytt til ulike delar av flyktningarbeidet. Det inneber at ekstraarbeidet med flyktningar vert dekka frå dette fondet, og drift av andre tenester ikkje vert påverka av eventuelle ekstra kostnader kommunen har med å ta i mot flyktningar. Meland vurdera å etablera eigne introduksjonsklassar før flyktningar vert sett inn i ordinære skuleklassar. Eit anna viktig tiltak er miljøvaktmester. Denne bidrar til å arbeide <u>med</u> flyktningane og <u>ikkje for dei</u>. • <u>Lindås</u>: Fylkesmannen(FM) oppmodar Lindås kommune om å ta imot 55 flyktningar i 2016, der minst 20 er einslege barn og unge og 63 i 2017, der minst 32 er einslege barn og unge. FM ber om at det ikkje vert fatta vedtak som inkluderer familiegjenforeining. Dette er i stor grad personar frå Afghanistan og Irak. Vurdering frå UDI kan tyde på at ein må forventa 0,5 pr 1 flyktning i snitt mht familiegjenforeining. • <u>Gulen</u> får ikkje lenger berre ta imot barnefamiliar. Gulen har ein 100 % stilling og ein 100% miljøarbeidar. Gulen har kultur for at alle bygder skal dele på ansvar og flyktningfamiliar er spedt utover i kommunen. Dette gir transport utfordringar. • <u>Masfjorden</u> er og i ferd med å starta opp med å ta imot saman med Modalen. • <u>Fedje</u> har tatt i mot ein familie på 7 stk i 2015 og har vedtak på å ta imot 10 personar i 2016. Det er inngått avtale om å ta imot ein familie på 8 personar våren 2016. <p>Nokre felles observasjonar;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fleire kommunar i NH har fått krav om busetting av mindreårige flyktningar. Dette er nytt. Kommunalsjefgruppa vil be Flyktningnettverket om å sjå nærmare på konsekvensar og evt. problemstillingar knytt til dette. Her stiller alle likt og treng å trekke opp felles rutinar. • Det er og erfaring at mange mottak gjer lite for å førebu flyktningane når det gjeld å læra seg norsk og ei forståing av det norske samfunnet. Det er også behov for familiertettleing. • Kommunen kan gå inn i driftsrolla av asylmottak i staden for private aktørar. Det er ei felles oppfatning at det er dei som driv mottaka som får mest midlar, 	

og at finansieringa til kommunane er gjennomgåande därleg. Såleis vil ein kunne være meir offensiv om kommunen driftar mottaka. Dersom kommunen ikkje driftar, er det viktig å være tydeleg på ansvaret til driftsoperatør, og ikkje overta deira plikter. Det er viktig at kommunen sikrar tilstrekkelig tilsyn med mottaka. Vertskommunen har ansvar for dei som bur på asylmottaket på same måte som for andre innbyggjarar når det gjeld helsetenester, skule/undervising, barnevern og miljøretta helsevern, her også tilsyn med psykososiale forhold på asylmottaket med mynde til å gje pålegg.

Asylmottak

- Lindås har 100 % kommuneoverlege, denne har ansvar for å koordinere planleggingsarbeidet for vertskommunen sitt ansvar. Dei har også ein 20% legeressurs og 40 % helsesøster til det operative arbeidet med helsekontroll.
- Lindås har berekna at kommunen mottar omlag 1 mill. i tilskot (førebelts sats).
- Dersom nokon har særskilde behov, så er der ekstra midlar å få til dette. Kartlegging av slike behov er såleis viktig.